



**Ullensvang
kommune**

BUSTADKONTORET



BUSTADKONTORET

KOMMUNALE BUSTADER

Søknader om kommunal bustad vert tildelt etter Retningsliner for tildeling av kommunal bustad i Ullensvang kommune, godkjent av utval for kultur og levekår i sak 024/21. Retningslinene finn du på nettsida til kommunen, eller du kan få dei tilsendt ved å ta kontakt med Bustadkontoret.

Kommunal gjennomgangsbustad

Søknad om kommunal gjennomgangsbustad er via Bustadkontoret. Søknadane vert vurdert av Bustadrådet, eit tverrfagleg samansett råd, som har møte ein gong i månaden. Bustadkontoret skriv vedtak.

Kommunal omsorgsbustad

Søknad om kommunal omsorgsbustad er via Tildelingskontoret som skriv vedtak.

Akutt bustad (mellombels bustad)

Personar som har eit akutt behov for bustad, og som ikkje kan skaffe seg dette sjølv, skal ta kontakt med Nav som har ansvar for å skaffe og tildele akutt bustad.

Melding av feil og manglar

Feil og manglar frå leigetakarar i alle kommunale utleigebustader skal meldast til **Bustadkontoret** som melder dette vidare til Byggdrift v/vaktmeister.

Utanom ordinær arbeidstid så melder du feil og manglar som hastar til:

- Vakttelefon Byggdrift 46877791

Me samarbeider med verksemd for kommunal eigedom som bl.a skriv husleigeavtale for dei kommunale bustadane.

Tilpassing av bustad

Ullensvang kommune arbeider tverrfagleg i saker der det kan vera aktuelt å tilpasse bustad. Tverrfagleg team, som er samansett av tilsett frå Bustadkontoret og ergoterapitenesta kan gi deg råd og rettleiing i høve økonomi og praktiske løysingar i samband med vurdering av ev tilpassing av bustaden din. Me har eit godt samarbeid med Nav, Hjelpemiddelsentral og eventuelt andre aktuelle tenester i kommunen. For utfyllande opplysingar - sjå brosjyre "Bustadtilpassing"





Bustøtte

Dersom du har høge buutgifter og låg inntekt kan du har rett på statleg bustøtte. For søknadsskjema og utfyllande informasjon sjå Husbanken si nettside: husbanken.no/person/bostotte/ eller du kan ta kontakt med oss.

Startlån

Startlån er eit økonomisk bustadsosialt verkemiddel som kan gis til barnefamiliar, eldre, personar med nedsett funksjonsevne eller andre som bur i ein ueigna bustad. Startlån kan gis til kjøp, utbetring/tilpassing av bustad, og som refinansering dersom du står i fare for å mista bustaden din. Startlånet er behovsprøvd, søkjar må ha evne til å nedbetale lånet over tid, og framleis ha nødvendige midlar igjen til livsopphald. Dersom du får lån til bustad i privat bank, kan du ikkje få startlån. Er du ung i etableringsfasen, eller i ein situasjon der du kan spare, er du heller ikkje målgruppa for startlånordninga.

Barnefamiliar, der busituasjonen er ueigna og der det er behov for snarleg å få ein stabil bustad, er unnateke frå kravet om å spare.

Kommunen kan tildele startlån for å tiltrekke seg eller behalde arbeidskraft i distrikta.

Bustadtilskot til utgreiing, prosjektering, tilpassing og etablering

Frå 1.1.2020 vart ordninga med bustadtilskot til utgreiing, prosjektering, tilpassing og etablering overført frå Husbanken til kommunane via rammetilskotet, (dvs det er opp til politikarane i kvar kommune kor mykje midlar dei årleg vil setje av til bustadtilskot.) Ift. dei kommunale retningslinene skal det når det er disponible midlar gjerast ei økonomisk behovsprøving og ei prioritering ved eventuell tildeling.

Prioritering:

1. Familiar med funksjonshemma barn og føreliggjande behov.
2. Husstandar med føreliggjande behov og svak økonomi
3. Husstandar med føreliggjande behov og normal god økonomi
4. Husstandar som ynskjer å tilrettelegge for framtidig behov

Dei kommunale retningslinene for bustadtilskot finn du på nettsida til kommunen eller ved å ta kontakt med oss.

Tildeling av startlån og bustadtilskot er behovsprøvd der økonomiske, bustadmessige, sosiale og helsemessige tilhøve vert lagt til grunn.

GENERELL INFORMASJON

Kontakt oss om du treng utfyllende informasjon.

[Du finn også meir informasjon om bustad på nettsida til Ullensvang kommune.](#)

Er det bustadspørsmål me på Bustadkontoret ikkje kan svara på, vil me informera deg om kva tenestoområde i kommunen som eventuelt kan svara deg på dette.

Ynskjer du hjelp med ein søknad, har spørsmål til ei konkret sak som er under arbeid eller har andre spørsmål, kontakt oss for å avtala tid og stad for møte.



BUSTADKONTORET



46 87 66 41



**Ullensvang kommune v/Bustadkontoret
Opheimsgata 31 , 5750 Odda**



postmottak@ullensvang.kommune.no

